# Jordtipp og avrenning til drikkevatn.

arild@aasegarden.no
Til 'maya.riise@alver.kommune.no'; 'post@alver.kommune.no'; 'postmottak@alver.kommune.no'

Svar | Svar til alle | Videresend

ons. 19.05.2021 12:03

Hei
Sender ein mail etter spørsmål i dag ved landbrukskontoret i Alver om jordtipp ved ny skogsveg ved Isdal i Alver kommune. Har hatt dialog med Statsforvalteren i Vestland der de ber kommunen om å synleggjere og informere om jordtipp med avrenning til drikkevatn. Mitt spørsmål er om jordtippen er godkjent fra Alver kommune og om den tar hensyn til avvrenninga til vassdraget og drikkevatnet Langavatnet og Litlavatnet, som ligg like nedenfor. Eg forstod det slik ved kontakt med Nils Kolaas hausten 2020, at det berre skulle lagast skogsveg og tilkjørast stein. Steinen skulle vera garantert ikkje forureina. Det vart bekrefta at det ikkje skulle vera jordtipp med avvrenning til drikkevatn, sidan jord er forureina masser, om dei ikkje er kontrollerte. Det skulle leggjast oppgraven jord frå området i skråningane. Eg ønsker svar på om jordtippen er godkjent og ynskjer dokumentasjon på kontroll av jordmasser som er tilkjørt området den siste måneden og tidlegare. Ynskjer også at kommunen tar dei nødvendige vassprøver dersom det er gitt løyve til jordtipp med avvrenning til drikkevatnet.
Drikkevatnet forsyner 3 boliger, driftsbygg og mat produksjon.

Ellers så ser eg fleire private som tipper sine små bilhenger lass langs skogsvegen oppover. Det ligger forureina avfall i skråningene som ikkje er tilkjørt med lastebil av entreprenørene. Det er på denne tida av året folk grev opp sine hager og gamle septik og dieseltanker. Dette er spesialavfall og må ikkje havne i vassdraga våre. Eg er redd det vert tippa avfall som forureinar drikkevatnet vårt. Det vil i verste fall vera ei katastrofe for oss og Alver kommune dersom det ikkje ligg føre retningslinjer for skogsveg prosjektet. Foreslår at det settes bom ved innkjørsel til anleggsområdet for at grunneigarane skal ha kontroll.

Håper på svar snarast

Mvh
Arild Aase